

## **Styremøte i V.I.L**

**Klubhuset 02.03.2015**

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Karianne Vestre Døving, Inge Sunde, Ellisiv Jarvik, Kikki Magnussen og Magne Eivind Glomnes.

Saker:

### **7/15 Orientering frå gruppene og styret**

#### Fotball:

Fotballgruppa er ferdig med årsmøtet sitt. Richard Moen tek over som leiar etter Ellisiv.

Påmelding av laga er no ferdig. Det er meldt på to lag for dei som ikkje har starta på skulen enno.

Johanne og Kristina vil gjerne vere keepertrenarar for dei minste.

#### Friidrett:

Årsmøtet er gjennomført, og planlegging av årets sesong er i gang.

#### Ski:

Skigruppa er midt i sesongen. Det er både skirenn og skikafe som står igjen. Det har vore tilbydd skøytekurs for damer.

#### Trim:

Trimgruppa har hatt årsmøte og driv med planlegging av trimpostane.

#### Idrettsskulen:

Idrettsskulen er avslutta for denne sesongen. Eit fleirtal av instruktørane var ikkje innstilte på å fortsette etter vinterferien.

Diverse:

Oppstart med arbeidet av kunstgrasbana blir kanskje forsinka fordi ein av hyttenaboane har skaffa seg advokat. Det vil bli gitt eit tilsvare til hytteeigaren frå V.I.L snarast. Det er nabolova som det blir stilt spørsmål ved i dette tilfellet. Det kan kome på tale å bruke advokaten som har hjelpt idrettslaget tidlegare i ei anna sak.

Marknaden er planlagt og blir den 11. april på samfunnshuset.

**8/15 Årsmøte 2015**

Styret gjekk igjennom årsmelding, rekneskap og budsjett.

Ingen tilleggssaker er meldt inn til årsmøtet. Det er berre vanlege årsmøtesaker, utanom saka om kunstgras.

Kunstgras: Justering av finansiering krev årsmøtevedtak for å få eit kortsiktig lån i banken.

Ingen nye idrettar blir meldt inn i idrettslaget. Idrettslaget må forhalde seg til dei idrettane som er meldt inn.

Arbeidsplanar: Arbeidsplanar for 2015 skal utarbeidast av det nye styret.

Medlemslistene: Styret må organisere betre medlemslistene for idrettslaget. Ein må sjå nærmare på om det finst enklare måtar å registrere på.

Medlemskontingent: Kontingensten er uendra fram til 2016.

Valnemnd: Valnemnda manglar ein person for 3 år. Forslag: Dagrun Vikingsland eller Hegelin Waldal.

## **9/15 Lysløypa**

Advokaten rådar idrettslaget til å melde saka inn for forliksrådet. Advokaten meiner idrettslaget har ei god sak, og han vil skrive ei formell forliksklage. Ein representant for idrettslaget **MÅ** møte.

Det er viktig at idrettslaget får ein skriftleg avtale for framtida.

Dersom idrettslaget må imøtekome hytteeigaren på noko vis, kan idrettslaget tilby å avgrense aktivitet i bestemte tidsrom.